

(22) HELLEVIK OG EG

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

Alf Helleviks "Nynorsk ordliste", "Hellevik" blant venner, har i over 50 år år berga oss språkvimsar

C Am Dm G7 C Cmaj7

Vi som fom - lar rundt tår - net som Ba - bels barn et - ter tes - er og

Em F G Cmaj7 Em F

6 ord i eit språk - vridd garn, vi må fin - ne ein veg ut - an slurv og

G C Am Dm G7 C

12 svik: Det er vis - se og frel - se i Hel - le - vik.



Vi som fomlar rundt tårnet som Babels barn
etter teser og ord i eit språkvridd garn,
vi må finne ein veg utan slurv og svik:
Det er visse og frelse i Hellevik!

Eg er vel over snittet i tæl og tål,
eg kan tale i mange slags tungemål,
men så skjer det ein får seg ein lagnadsfik,
hugsar godt at eg trengde til Hellevik:

Det var fest, det var spel som i eventyr,
men så hørde eg brått gjennom ståk og styr:
«Dette stunt vekkjer **åtgaur** til siste skrik!»...?
Eg drog heimatt og sjekka med Hellevik.

(Så) om eg rett nok skal tale til kvar og ein
veit eg no kva som gjeld i den høgste egn.
Når eg ein gong skal fare til himmelrik
tek eg med mine briller og Hellevik!